

Stølsheimen landskapsvern- område



Foto: Eirik Blindheim



**Stølsheimen
landskapsvernområde**

Kart og informasjon
Velkommen inn i
Noregs nasjonalparkar

Velkommen til Stølsheimen

Stølsheimen landskapsvernområde strekkjer seg frå fjord til fjell på sørsida av Sognefjorden. Her er få moderne inngrep, men mange spor etter tidlegare tiders bruk. Dette er Vestlandet på sitt vakraste, med frodig natur, høge fossar og eit særprega fjordlandskap.

I Stølsheimen kan du oppleve stille og ro i tradisjonsrikt stølslandskap og i ein variert natur med fjell, fjord og dalar. Pakk gjerne kikkert til turen, for her kan du få auge på både havørn, kongeørn og flokkar av villrein. Om du er glad i å fiske er det også gode sjansar for napp i dei mange små og store vatna i området.

Namnet Stølsheimen kjem av dei mange stølane som preger området. Her var det aktiv stølsdrift heilt til den siste vart lagt ned i 1972, og dei gamle stølsvegane går på kryss og tvers i området. Godt merkte stiar og fleire turistforeiningshytter gjer Stølsheimen til eit tureldorado for store og små. Men hugs at på høgjellet skiftar veret fort, og skodda kan kome brått i denne vestlandsnaturen. Du må alltid vere godt førebudd med varme klede i dette området, og ha med kart og kompass. Det er generelt dårleg dekning for nett og mobil i området.

Dei store områda med tilnærma urørd natur er viktige for mellom anna villrein. Den har vore her i uminnelige tider, og det finst enno spor etter fangstanlegg brukt til å fange villrein for fleire tusen år sidan. Det finst òg spor etter produksjon av klebersteinsgryter i jernalderen, eit spanande kulturminne.

Overgangen frå fjord til fjell, frå den grøderike bergarten fylitt til hard gneis, og frå lune viker til forblåste rabbar, skapar stor variasjon i naturen. Stølsheimen landskapsvernområde er delt i to av ei markert berggrunns-grense nord-sør som viser tydleg att i landskapsformer, jordsmonn og flora. Geologien påverkar kva plantar som veks i dei ulike områda.

Det rustraude fjellet Raudberg er ein attraksjon som merker seg ut i landskapet, og du kan sjå det frå fleire stadar i Stølsheimen. Går du frå Bjergane til Selhamar passerer du tett ved Raudberget og kan studere den spesielle geologien på nært hald.



Foto: Sveinung Klyve

Stølsheimen er eit eldorado for fotturar.



Foto: Anbjørg Nernes

Fossesete er ein av dei gamle vårstølane i Stølsheimen.

Opplevingar

Stølsheimen er eit perfekt område for vandring og hytte til hytte-turar. Med mange startpunkt, fleire DNT-hytter og eit godt utvikla stinettverk, ligg alt til rette for flotte dagar i fjellet.

Solrenningane

Den mest kjende fellesstølen i Stølsheimen er Solrenningane. Hit kan du komme frå fleire kantar, men det enklaste er å køyre til Stølsvatnet/Stølsdammen i Modalen og gå inn derifrå. Her er godt tilrettelagt sti, ein fin familietur. Rekn med å bruke om lag 3 timar ein veg. Frå Stølsdammen kan du også komme deg til Solrenningane nesten utan å gå. Har du med deg kajakk eller kano, kan du sette han på vatnet like ved parkeringa og padle Stølsvatnet, bere båten om lag 250 meter opp ein liten foss og padle vidare på Solrenningsvatnet. På Solrenningane er det DNT-hytte.

Langs veglause grender ved Sognefjorden

Frå Ortnevik til Sylvarnes går det fin sti innom mange av dei veglause gardane på sørsida av Sognefjorden. På Sylvarnes er det mogleg med overnatting i skulehuset, og du kan få rutebåten til å stoppe her. Frå gardane kan du fylgje gamle buføringsvegar til vårstølane i skogen, og til fjellstølane mange timar innover i fjellet. Hugs at veret kan skifta fort i fjellet, og ver godt førebudd på møte med uver, sjølv på ein fin sommardag.

Rundtur Tenne – Vatnane – Nese

Med startpunkt i Arnafjorden, kan du ta fine dagsturar til vårstølane Rosete eller Fossesete. Du kan også gjere det til ein rundtur med overnatting på fjellstølen Vatnane. På denne turen får du ei flott oppleving av kulturlandskapet i Stølsheimen. Alle desse stølsområda vert nytta til husdyrbeite. Ta omsyn til beitedyr på turen, og hald hunden i band.

Fisketur og jakt

Det er mange fine fiskevatn der du kan fiske din eigen mat. Fiskekort er best å kjøpe før du reiser på tur. Mange av fiskevatna ligg ved turishytter, mellom anna Selhamar og Solrenningane. Du kan óg kjøpe jaktkort for jakt på småvilt.

Finnafjorden

Stølsheimen grensar til Sognefjorden, men det er berre fjordarmen Finnafjorden som går inn i verneområdet. Den er ei urørd naturperle med berre to veglause grender. På Finden gard er det framleis aktiv landbruk med geiter. Inst i fjorden ligg Finnabotnen. Her kan du vandre i eit gammalt kulturlandskap opp til Botnastølen. Dei sprekaste kan ta den bratte turen opp til Fagerdalen og få ein fantastisk utsikt over fjorden og fjella i Stølsheimen.



Foto: Torill Refsdal Aase

Kanopadling på Solrenningsvatnet.



Foto: André Martin Pedersen

Det er gode sjansar for å få fin aure på kroken. Hugs å kjøpe fiskekort.

Fakta & informasjon

Stølsheimen landskapsvernområde vart verna i 1990 og er 377 km².

	Kvar ligg Stølsheimen?	Stølsheimen ligg i Vestland fylke på sørsida av Sognefjorden, eit par timars køyretur frå Bergen.
	Korleis kjem eg meg dit?	Det går buss og du kan køyra bil til fleire av innfallsportane. Du kan ta båt til Vik og Ortnevik frå Bergen og Sogn. Det er også mogleg å ta båten til nokre av dei veglause gardane langs Sognefjorden.
	Innfallsportar	Dei tre grendene i Arnafjorden Stølsvatnet/Stølsdammen Ortnevik
	Planlegg turen	www.stolsheimen.info www.ut.no
	Verneområde i nærleiken	Nærøyfjorden landskapsvernområde Jostedalsskogen nasjonalpark
	Forvalting og oppsyn	Stølsheimen verneområdestyre www.nasjonalparkstyre.no/Stolsheimen Statens naturoppsyn www.naturoppsyn.no
	Turistinformasjon	www.visitvoss.no www.fjordnorway.com/no/destinasjoner/sognefjord https://www.visitbergen.com/regionen/nordhordland
	Mer informasjon	www.norgesnasjonalparker.no

Plante- og dyreliv

Det fuktige klimaet i Stølsheimen gjev ein frodig vegetasjon med eit rikt plante- og dyreliv. På fjorden kan du dessutan vere heldig og sjå steinkobbe eller nise.

Planteliv

Store delar av Stølsheimen er fjellterreng der vegetasjonen er dominert av mose, lyng og låge busker, men innimellom kan du finne vakre fjellblomar som isssoleie, raudsildre og fjellsmelle. Der stølsvollane blir haldne i hevd med beiting og slått, vil du finne eit variert planteliv og vakre og typiske engblomar som ryllik, blåklukke og engsoleie.

Villrein

Stølsheimen landskapsvernområde er ein del av Fjellheimen villreinområde, og det er ikkje uvanleg å sjå villrein både sommar og vinter. Villrein er sky dyr som lett blir påverka av menneskeleg aktivitet. Nyt difor opplevinga av å sjå villreinen på god avstand slik at den ikkje vert forstyrra og må bruka unødig energi på flukt. Det er spesielt viktig å ta omsyn til villrein på vinteren og våren. Ettervinteren og våren er kalvingstid, og dyra er spesielt sårbare for uroing på denne tida.

Fugl

Det er ein god idé å ha med seg kikkert på tur i Stølsheimen. Det er mellom anna gode sjansar for å sjå og høyre heipiplerke, steinskvett og heilo. Den majestetiske havørna og den litt mindre slektningen kongeørna seglar ofte over området. Er du heldig kan du også oppdage blåstrupen. Han er kjend for den vakre songen sin og kan herme etter andre fuglar og lydar, til dømes sauebjøller! I og langsmed elver og stryk kan du kanskje få auge på fossekallen, Noregs nasjonalfugl, som dukkar etter insekt, krepssdyr og småfisk. Rype er det mykje av i Stølsheimen, og når ungane er små kan du risikere å skremme opp eit heilt kull av små brune fjørballar som pilar av gårde.




Foto: Anbjørg Normes

Det er ikkje uvanleg å få sjå villrein. Vis omsyn og nyt synet på avstand.



Foto: Bård Øyvind Brødresen, naturarkivet.no

Blåstrupe er lett å kjenne att.




Foto: Bård Øyvind Brødresen, naturarkivet.no

Hald utkikk etter fossekallen som dukkar etter mat i elver og stryk.



Foto: Jorunn O. Vallestad

Fjelltjæreblom lyser opp på fjellhyller og tørre rabbar.




Foto: Jorunn O. Vallestad

Engblomar som blåklokke er vanlege der støsvollane blir haldne i hevd med beite og slått.

Historie og kultur

I heile verneområdet finn du spor etter tidlegare tiders bruk av ressursane i fjellet, ikkje minst dei mange stølane, som har gitt namn til området.

Stølar

Dei fleste gardane rundt Stølsheimen var små og brattlendte. I fjellet var det derimot rikeleg med beite. For å utnytte utmarka best mogleg, var det vanleg at gardane hadde både «heimestøl» i moderat høgd over havet, til bruk vår og haust, og ein fjellstøl for å utnytte fjellbeitet om sommaren. Framleis kan du oppleve 30 stølar med stølsbygningar og 26 stølsområde med spor etter bygningar og stølsdrift. Vi veit lite om kor gamle stølane i Stølsheimen er, men det er sannsynleg at nokre kan vere bortimot to tusen år gamle. I dag er det ikkje lenger aktiv stølsdrift med mjølking og ysting i Stølsheimen, men mange av stølsområda blir framleis nytta som beiteområde, og stølshusa er viktige i samband med tilsyn av husdyr på beite.

Stølsveggar

Langs gamle, svingete og bratte stølsveggar kan du gå i fotspora til generasjonar av bønder og buskapen deira til stølane der dei hadde dyra på beite, og der dei budde om sommaren. Vegane er ofte forseggjorde med steinmurar og bruer, og på fleire stadar kan du framleis gå på dei gamle oppmura stølsvegane. Buførestien frå Ålrek til Vøvringen er eit godt døme på ein sti der det er fleire murte parti.

Fangstanlegg

Nokre av dei eldste kulturspora i Stølsheimen er fangstanlegga som vart nytta til fangst av villrein. Fangsanlegga viser at Stølsheimen har vore eit viktig leveområde for villrein i lang tid. Dyregraver kan du mellom anna sjå sør og nord-aust for Holskardvatnet og ved Øksevatnet nord i verneområdet.

Gryteproduksjon

Spora etter gryteproduksjon i kleberstein er eit spanande kulturminne i Stølsheimen. Kleberstein er ein mjuk bergart som er lett å forme. I tillegg er den eldfast. Når grytene vart laga, skar ein først til forma utvendig, før ein hola ut gryta. I Gryteberg kan du sjå fleire halvvegs utskorne gryter, truleg mellom 500 og 2000 år gamle.

Dessverre har den mjuke steinen frista mange til å risse namnet sitt i berget. Hugs på at dette er eit freda kulturminne. Ta vare på den felles kulturarven vår, ikkje riss eller skriv i fjellet.

Velkommen inn, ta vare på naturen

Velkommen på tur i Stølsheimen! Her er det rom for mange om vi tek omsyn til folk og dyr rundt oss. Verneområda er det beste av norsk natur. Vernet bidreg til å ta godt vare på landskapet og mangfaldet av dyr og planter. Slik kan vi fortsette å samle gode turminne også i framtida.

Allemannsretten. I utmark kan du gå der du vil på beina og på ski. Du kan slå opp teltet der du vil så lenge det er over 150 meter frå bebudd hus eller hytte.

Kulturminne som gamle murar, fangstanlegg og gravrøyser er freda. Ikkje flytt på steinane.

Rydd opp etter deg og ta med alt avfall, inkludert eingongsgrill og våtserviettar. Der det ikkje finst toalett, grav eit hol minst 30 m frå sti, bygg eller vasskjelde.

Å tenne bål i skog og utmark er forbode frå 15. april til 15. september bortsett frå på stadar som i vasskanten der brannfaren er minimal. Bruk etablerte bålplassar og unngå å fyre opp rett på svaberg slik at berget sprekk. Sløkk bålet og rydd etter deg før du går.

Vis omsyn til beitedyr og ville dyr. Hald hunden i band og lukk grindene. Villrein er ekstra sårbar på ettervinter og vår.

Følg etablerte stiar – så slepp villrein og andre sky dyr å møte folk overalt. Unngå å kutte svingar eller å trakke opp nye spor.

Uro ikkje dyre- og fugleliv. Observer dyr og fuglar på avstand, bruk gjerne kikkert.

Vardar er vegvisarar som hjelper deg å følgje ruta. Bygg ikkje nye vardar då dette kan føre folk på villspor. Fjern ikkje stein frå gamle vardar. Dei er kulturminne.

Motorisert ferdsel, med unntak av båt på fjorden, er forbode i verneområda med mindre du har særskilt løyve. Dette gjeld også elsykkel.

Vêret i fjellet kan skifte brått både sommar og vinter. Sommaren kan by på låge temperaturar og tjukk skodde. Vintersola kan fort skifte til tett snødrev. Du er sjølv ansvarleg for å vurdere vêr og føre, form og ferdigheiter og å førebu deg med eigna klede og utstyr.

God planlegging gir gode turopplevingar!



Stølsheimen
landskapsvernområde

Kartinformasjon

Velkomen inn i naturen

Dette er eit kart utvikla for merkevara Noregs nasjonalparker. Alle norske verneområde, uavhengig av vernekategori, er ein del av denne merkevara. Desse karta er utvikla ut frå kjennskap om korleis verneområdet

vert brukt og kva område som er sårbare for besøk – grunnlaget for besøksforvaltninga. Dette kartet er ikkje eit turkart, men gjev deg ei oversikt over tilboda i det aktuelle verneområdet og området rundt

Startpunkt

Ortnevik

I Ortnevik er det mange fine turmoglegheiter, både i og utanfor verneområdet. Vi kan tilrå ein tur langs strendene til Sylvarnes, anten til fots eller med rutebåten. Ein annan fin tur er langs grusvegen innover Stordalen og opp til stølen Brydalen, der det også er turisthytte der du kan overnatte.

Startpunkt

Stølsdammen

Frå Steinsland i Modalen kan du køyre anleggsvegen heilt til fjells ved Stølsvatnet/Stølsdammen. Herifrå er det merka tursti til Solrenningane og fleire av dei andre turisthyttene i Stølsheimen.

Informasjonspunkt

Framfjorden

Rundt Arnafjorden ligg dei tre små grendene Framfjorden, Indrefjord og Nese. Dette er fine startpunkt for turar i Stølsheimen. På informasjonspunktet ved butikken i Framfjorden finn du meir informasjon om ulike turar.

Informasjonspunkt

Finnbuene

På parkeringsplassen på Finnbuene på Vikafjellet kan du lese om Stølsheimen og villreinen som har dette som eit viktig leveområde.



Informasjon



Parkering



Attraksjon



Bussknutepunkt



Båtforbindelse



Overnatting



Turisthytte sjølvbetjent



Turisthytte ubetjent



Open bu



Serveringsstad



Enkel servering



Badeplass



Tursti



Merka sti



Umerka sti

